Sørstrand Folkepark

# SØRSTRAND FOLKEPARK




# ÅRSRAPPORT 2013

*Foreininga er primus motor i utviklinga av Sørstrand friområde på sørsida av Florelandet. Bruer, stiar og flotte strandområde har blitt til på kort tid, takka vere økonomiske gåver og frivillig innsats. Første del av prosjektet skal etter planen stå ferdig i 2014.*

Adresse: Nordalsmarka 30, 6900 Florø
Org nummer: 995 717 468
Kontonummer: 3705 15 87600

Epost: sorstrand@gmail.com
Heimeside: www.sorstrand.no
Telefon: 92045505

# INNHALDSFORTEIKNING

## Innhald

Leiar 1
Årsmelding 2013 2
Regnskap for 2013 m/noter 5
Revisjon for 2013 7
Søttespelarar 8
Ønskeliste i høve nye gåver 9
Årsmøte 2014 10
Protokoll frå årsmøte 2014 11
Medlemmar pr. 31.12.2013 12
Vedtekter 13

# Leiar



*2013 vert eit utfordrande år for Sørstrand Folkepark. Etter tre års drift er vi no over i ein ny fase der vi skal utvikle folkeparken til noko meir enn eit ok bade- og rekreasjonsområde.*

Dette var overskrifta i fjorårets leiar. I 2013 har vi erobra Flatholmen, stranda er utvida og areal for etablering av Servicebygg og leikeaktivitetar i strandområdet er klarlagd. Lista over gode samarbeidspartnarar veks og folkeparknamnet står fram som både treffande og noko ein gjerne vil assosiere seg med.

Foreininga si verksemd er slik at det som kjem inn av midlar raskt vert omsett til synleg utvikling av området. Dei fleste bidrag frå private aktørar er knytt opp mot enkeltprosjekt noko som gjev høg hastigheit til realisering, men større utfordring til drift. Dette har fått styret til å sette på "bremsene" av fleire grunnar. Først og fremst har vi eit ansvar for å ta vare på det som er skapt med den drift og det vedlikehald som følgjer med. Skulle vi ta på oss eit større ansvar må vi være sikre på årlige driftstilskot. Dette vart avslått av Flora bystyre og det må vi ta konsekvensane av. Vi ser og at heile området tar form som ein stor attraksjon for Flora kommune og på sikt bør kunne få ei regional rolle. I dette ligg utfordringar og moglegheiter fleire enn det foreininga åleine kan utvikle. I første omgang gjeld dette etablering av servicebygg med fasilitetar tilpassa varme sommardagar med mykje folk i strandsona. Deretter tiltak for å utnytte potensialet parken har som regionalt rekreasjonsområde der ein legg til rette for fleire tilbod enn badeliv og sjøsport. Med dette for auge har Flora bystyre sett av midlar til prosjektering av servicebygg. For å stimulere til rask gjennomføring har foreininga starta ein innsamlingsaksjon der målet er å kunne stille ein million kroner til disposisjon for prosjektet. Håpet er å kunne realisere bygget til sommarsesongen 2015.

Strandområdet som møter publikum når sommaren slår til vil være overveldande. Ny skjellesand på eksisterande og nye strandområde, tilgang til meir svaberg, øyar, stiar, aktivitetsområde for born og ikkje minst større areal til grilling og ballspel. Her skulle med andre ord vere masse for alle.

Ditt bidrag er å bruke folkeparken aktivt og komme med tilbakemeldingar slik at vi kan utvikle den vidare. Og skulle du ha lyst til å bidra på dugnad, prosjektarbeid, styrearbeid eller anna så ta kontakt! Til slutt ein stor takk til alle som har bidrege i året som gjekk.

Jan Henrik Nygård
Styreleiar
16. februar 2014

# Årsmelding 2013

## SØRSTRAND FOLKEPARK

Sørstrand Folkepark har som føremål å utvikle friområdet sør på florelandet, til eit område for aktivitet og rekreasjon for ålmenta. Innsatsfaktorane er frivillig arbeid og økonomiske gåver frå ulike offentlege og private kjelder. Foreininga er uavhengig, upolitisk og drivast på ideelt grunnlag. Den er registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund og pr. 31.12.13 hadde den 220 registrerte medlemmar, ei auke på 8 frå året før. Medlemskapet er evigvarande og kostar 100 kroner for privatpersonar og 1000 kroner for bedrifter. Som medlem har ein møte- og stemmerett på årsmøtet. 2013 var det tredje heile driftsåret.

## GÅVER I 2013

Sparebankstiftelsen DNB gav 250 tusen kroner til ein aktivitetspark for born, som styret har vald å legge til stranda der den vil få eit maritimt preg. Sparebankstiftinga i fylket gav 100 tusen kroner til bru nummer 2 ut til Flatholmen. Westcon laga stålkonstruksjonen til denne brua, som foreininga fekk i gåve. Verdien av gåva er 86 tusen kroner. Sumitomo Corporation & Petroleum Services gav 60 tusen kroner til Flatholmen-prosjektet, som rommar bruer og stiar. Skulane i Florø som stod bak kunstauksjonen i samband med Melodi Grand Prix, gav 17 tusen kroner til ny sand i volleyballbana. Alternativ jul gav 10 tusen kroner til nye benkar. Kinn rekneskap gav 5 tusen kroner, som motsvarte verdien av tenestene dei utførte for foreininga i 2013. INU-fondet løyvde 600 tusen kroner for 2013. Halvparten er innbetalt i januar 2014 og resterande vil bli utbetalt når foreininga legg fram sluttrekneskap.

## INVESTERINGAR OG DRIFT

Vedlikehald følgjer naturleg av investeringane som gjerast. Gåvene ein får er som regel dedikert konkrete prosjekt. Dette svekker foreininga sine evner til å vedlikehalde parken. Styret har søkt kommunen om årleg driftstilskot, men har fått avslag. Foreininga fekk heller ikkje godkjenning som eigna for løyvingar av spelemidlar. Kommunen som eigar krev at foreininga tek ansvaret for vedlikehaldet av det som vert utvikla i området. Dette ansvaret tek foreininga på seg gjennom ein avtale, men det legg samstundes klare grenser for kva foreininga kan utvikle. Ein har på denne bakgrunn valt å endre foreininga si rolle i utviklinga av parken. Ein vil framleis ta initiativ til både dugnadar og innsamling av pengar til ulike prosjekt, men ein kan ikkje vere leiande i utviklinga av vedlikehaldstunge prosjekt. Ein har difor bede kommunen om å ta ei meir førande rolle i utviklinga av infrastrukturen i parken som til dømes veg, parkering, stiar og sanitærbygg.

## DUGNADSARBEIDET

Den frivillige innsatsen har vore nøkkelen til suksess i arbeidet med Sørstrand Folkepark. Dette famnar alt frå prosjektering, søknadar om tilskot, administrasjon, synfaring til ulikt førefallande arbeid som til dømes reinsking av tang, slåttonn og rydding i krattskogen. Dessverre fell dette arbeidet på alt for få hender, og utfordringa framover blir å engasjere folk til nye krafttak. Foreininga håpar å kunne engasjere fleire seniorar som vil ha godt av både det sosiale samværet og mosjonen som dette arbeidet har å tilby. Vidare ser ein føre seg at ulike lag og skular som brukar parken flittig bør utfordrast til ulikt dugnadsarbeid, som til dømes rydding og tilsyn for å verne om det som er skapt.

## PROSJEKTARBEID I 2013 OG 2014

Styret har vald å konsentrere prosjektarbeidet om utviklinga av strandområdet, med prioritering av tilkomsten til Flatholmen. Det vart tilført store mengder ny skjellesand til heile strandområdet i 2013. Likeeins vart det kjøpt inn meir eigna sand til volleyballbana. Terøy Maskin fekk i tilbodsrunden tilslaget på Flatholmen-prosjektet, med opparbeiding av stiar, brukar samt utvinning av nødvendig masse til anleggsveg. Overskotsmassen frå anleggsvegen vert nytta til å utvide strandområdet austover. Bru nummer 2 fekk sin stålkonstruksjon frå Westcon mens Solheim & Nordal stod for trearbeidet. Prosjektet har gått som planlagt og vil stå ferdig våren 2014, då ein har tinga store mengder ny skjellesand til heile området.

Den planlagde aktivitetsparken på stranda vil bli opparbeida våren 2014. Foreininga er i samtalar med lokale entreprenørar om dette prosjektet.

## SANITÆRBYGG OG STIAR

Kommunen har løyvd pengar til prosjektering av sanitærbygg, som i den nye reguleringsplanen vil få si plassering på den nyleg opparbeida tomta bak volleyballbana. Herifrå vil det gå ein sti med universell utforming mot Austvik. Foreininga har på nyåret drege i gong ein innsamlingsaksjon for å sikre rask gjennomføring. Målet er å kunne bidra med ein million kroner til prosjektet. Lokale bedrifter og andre er blitt utfordra gjennom annonser, presseomtale og direkte kontakt.

På Austvik vert det regulert ein sti oppå kloakkledninga, som Mesta legg ned for kommunen. Foreininga håper det også blir regulert ny tilkomst til området via Austvik, med muleg parkering inne i området. I løpet av året vil eit mangfald av stiar med universell utforming opne heile området for ålmenta. Bruken av området vil venteleg mangedoblast. Reguleringsplanen er til politisk behandling, og er venta ferdig i første halvår 2014.

# ÅRSMELDING 2013

### SØRSTRAND BAD MOT FERDIGSTILLING

Foreininga er i sluttfasen med utviklinga av strandområdet på Sørstrand og ein planlegg ei nyåpning av Sørstrand Bad i samband med den årlege St. Hans feiringa. Sørstrand Bad vil då famne eit utvida strandområde med aktivitetspark og tilkomst til fleire svaberg, tilkomst via bruer til øyar, nye strender, bukter, svaberg og rasteplassar. Området vil ha mykje å tilby for folk i alle aldrar. Ein ventar difor storinnrykk av besøkjande til sommaren.

### REGNSKAPET FOR 2013

Resultatregnskapet for 2013 viste eit overskot på 40 tusen kroner, som er føreslege lagt til eigenkapitalen. Inntektene utgjorde 545 tusen kroner. Kunn innbetalte gåver er inntektsført. Tilskotet på 600 tusen frå INU-fondet for 2013 vil såleis bli bokført i 2014, saman med vonleg nye tilskot. Kostnadane utgjorde 506 tusen kroner der prosjektarbeid og prosjektering utgjorde 454 tusen. Eigenkapitalen utgjorde 208 tusen kroner pr. 31.12.2013 og banksaldo 318 tusen kroner.

### ADMINISTRATIVT

Det vart helde 4 styremøter i 2013. Dei viktigaste sakene er omtala i årsmeldinga. Det er ingen tilsette i foreininga og styret har inga godtgjersle for arbeidet. Signe Marie Landøy er regnskapsførar, også det utan godtgjersle. Kinn Regnskap står for revisjon. Det er sett av 5 tusen kroner i honorar for 2013. Styret føreslår i år ei vedtektsendring for årsmøtet der talet styremedlemmar vert redusert frå åtte og attende til fem, som markerar overgangen frå utvikling til drift.

Florø, 27. februar 2014

| | | |
|---|---|---|
| Jan Henrik Nygård<br>Styreleiar | Sigmund Frøyen<br>Nestleiar | |
| Tor Solheim-Olsen<br>Styremedlem | Ane Eliassen<br>Styremedlem | Audhild Teigen<br>Styremedlem |
| Helge Sårheim<br>Styremedlem | Eivind Nordvik Hauge<br>Styremedlem | Ingvild Hovland<br>Styremedlem |

# REGNSKAP FOR 2013 M/NOTER

## Regnskap for 2013 m/noter

### RESULTATREGNSKAP 2013

| **Resultatregnskap 2013** | **Noter** | **2013** | **2012** | **2011** | **2010** |
|---|---|---|---|---|---|
| Grasrotandelen | | 12 043 | 7 498 | 2 167 | |
| Medlemskap private | 1 | 1 200 | 2 200 | 7 100 | 5 000 |
| Medlemsskap bedrifter | 1 | 1 000 | 1 000 | | |
| Tilskot frå offentlege kjelder | 2 | | 500 000 | 700 000 | |
| Gåver frå private kjelder | 3 | 531 221 | 183 198 | 964 000 | 200 |
| Leigeinntekter (grillhytta) | | | 2 500 | 700 | |
| Momskompensasjon | | | 27 008 | | |
| Sum driftsinntekter | | 545 464 | 723 404 | 1 673 967 | 5 200 |
| Planarbeid | 4 | 52 000 | 16 563 | 178 888 | 11 250 |
| Prosjektarbeid | 5 | 404 078 | 1 356 877 | 455 175 | 43 256 |
| Utstyr og materiell | 6 | 6 294 | | 19 232 | 12 600 |
| Arkeologiske registreringar | 7 | | | 112 122 | |
| Revisjon | | 5 000 | 5 000 | 6 900 | |
| Forsikringspremie | | 1 788 | 1 773 | 1 392 | |
| Andre driftskostnadar | 8 | 27 746 | 29 772 | 15 559 | 4 011 |
| Avskrivninger | 9 | 8 800 | 9 050 | 23 562 | 3 600 |
| Sum driftskostnader | | 505 706 | 1 419 035 | 812 830 | 74 718 |
| Renteinntekter | | 647 | 720 | 783 | 60 |
| Rentekostnader, gebyrer | | 138 | 110 | 1 638 | 1 429 |
| Årsresultat | | 40 267 | -695 021 | 860 282 | -70 887 |

### BALANSE PR. 31.12.2013

| **Balanse pr. 31.12.2013** | **Noter** | **2013** | **2012** | **2011** | **2010** |
|---|---|---|---|---|---|
| Traktor | | 1 | 1 | 1 | 14 400 |
| Slåmaskin | | 8 400 | 12 600 | 16 800 | - |
| Grillhytte | | 87 550 | 92 150 | 97 000 | |
| Bank | | 318 208 | 98 414 | 756 285 | - |
| Sum eignelutar | | 414 159 | 203 165 | 870 086 | 14 400 |
| Eigenkapital | | 208 432 | 168 165 | 863 186 | 2 904 |
| Leverandørgjeld | | 200 727 | 30 000 | 1 900 | |
| Kassekreditt | | | | - | 11 497 |
| Avsett kostnad revisjon | | 5 000 | 5 000 | 5 000 | |
| Sum gjeld og eigenkapital | | 414 159 | 203 165 | 870 086 | 14 400 |

# REGNSKAP FOR 2013 M/NOTER

## NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2013

| Note 1: | | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|
| Nye medlemmar | | 8 | 23 | 71 | 50 |

| Note 2: | | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|
| INU-fondet | | | 500 000 | 700 000 | |
| Tilskot frå offentlege kjelder | | | 500 000 | 700 000 | - |

| Note 3: | | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|
| Gjensidigestiftelsen | | | | 800 000 | |
| Sparebankstiftinga DNB | | 250 000 | | | |
| Sparebankstiftinga S og FJ | | 100 000 | 150 000 | 150 000 | |
| Innsamling skular | | 17 000 | | | |
| Sumitomo Corporation | | 60 000 | | | |
| Bistro to kokker | | | | 5 000 | |
| NOR Tekstil | | | 20 000 | | |
| Frå medlemmar og andre | | 3 283 | 3 198 | 2 000 | 200 |
| A til Å Grafisk Design | | | 5 000 | | |
| Kinn Regnskap | | 5 000 | | | |
| Altjul | | 10 000 | | | |
| Westcon | | 85 938 | | | |
| Bravo Seafood | | | 3 000 | | |
| Sparebanken S. og Fj. | | | 2 000 | 2 000 | |
| Gunhildvågen Kjemiske Fagforening | | | | 5 000 | |
| Gåver frå private kjelder | | 531 221 | 183 198 | 964 000 | 200 |

| Note 4: | | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|
| Arbeid med reguleringsplan: | | 52000 | 1 875 | 87 756 | 11 250 |
| Planarbeid parkeringsplass | | | 14 688 | 13 219 | |
| Planarbeid bru/veg/strand | | | | 77 913 | |
| Sum planarbeid | | 52000 | 16 563 | 178 888 | 11 250 |

| Note 5: | | 2013 | 2 012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|
| Arbeid med vegar og parkering | | 263 750 | 7 688 | 254 825 | |
| Arbeid med parkeringsplass | | | | 18 169 | |
| Arbeid med stranda/bruer | | 118 500 | 1 349 189 | 182 181 | 43 256 |
| Drenering ved Grillhytta | | 21 828 | | | |
| Sum prosjektarbeid | | 404 078 | 1 356 877 | 455 175 | 43 256 |

| Note 6: | | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|
| Plakatar | | | | | 3 113 |
| Kort | | | | | 5 313 |
| Rammer | | | | | 1 550 |
| Skilt | | | | 4 610 | 2 625 |
| Benkar | | 2500 | | 14 622 | |
| Trimmar | | 3794 | | | |
| Utstyr og materiell | | 6294 | | 19232 | 12600 |

| Note 7: | | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|
| Marinarkeologiske registreringar | | | | 48 762 | |
| Arkeologisk utgraving | | | | 63 360 | |
| Arkeologiske registreringar | | | | 112 122 | |

| Note 8: | | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|
| Porto | | | | | 553 |
| Annonsar | | 1 861 | 2 161 | | 2 544 |
| Arbeidstøy | | 3 492 | | | |
| Levering boss | | 10 288 | | | |
| Drivstoff | | | 564 | | |
| Vedlikehold traktor | | 426 | 12 395 | | |
| Materiell grillhytta | | | 1 224 | | |
| Arbeidsgodtgjersle | | 4 300 | | | |
| Markedsføring | | | 2 625 | | |
| Diverse kostnader | | 7 379 | 10 804 | 15 559 | 915 |
| Andre driftskostnadar | | 27 746 | 29 772 | 15 559 | 4 011 |

| Note 9: | | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|
| Traktor | | | 0 | 14 399 | 3 600 |
| Slåmaskin | | 4200 | 4200 | 4 800 | |
| Grillhytte | | 4600 | 4850 | 4 963 | |
| Avskrivingar: | | 8800 | 9 050 | 24 162 | 3 600 |

# Revisjon for 2013

**Kinn Regnskap AS**
Postboks 301
6902 FLORØ
Tlf 57 75 14 30
Faks 57 75 14 39
Aut. Regnskapsførerselskap
Org.nr. 986 553 258

Sørstrand Folkepark
Nordalsmarka 30
6900 Florø

Florø 26.02.2014

## REVISJON FOR 2013

Vi har gått gjennom regnskapet for Sørstrand Folkepark for 2013.

Årsregnskapet består av en balanse pr 31.12.13 og resultatregnskap som viser et overskudd på kr 40 267,- avsluttet per denne dato, samt noter og årsrapport.

Vi har utført gjennomgang i samsvar med god regnskapsskikk og bransjestandard. Gjennomgang omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjon i oversikten.

Vi mener at oppstilling over regnskapet gir et forsvarlig uttrykk for Sørstrand Folkepark sin finansielle stilling og resultat for regnskapsåret 2013.

Med vennlig hilsen
Kinn Regnskap AS

Siv Madsen
Autorisert regnskapsfører

# SØTTESPELARAR

## Søttespelarar

Sørstrand Folkepark har blitt til ved hjelp av stor dugnadsinnsats frå tillitsvalde og andre eldsjeler. Utan dette initiativet, hadde parken ikkje blitt til. Men ein kjem ingen veg utan pengar. Dei store økonomiske gåvene har kome frå både offentlege og private kjelder. I tabellen under er gåver lik eller større enn 10 tusen kroner spesifisert. Flora kommune sine løyvingar går over eigen rekneskap, og er ikkje som gåve å rekne. Tett på 4 millionar kroner er så langt løyvd til føremålet.

| Støttespealarar | Beløp | Føremål |
|---|---|---|
| INU - fondet | 1 800 000 | Prosjektstøtte |
| Gjensidigestiftelsen | 800 000 | Stranda |
| Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane | 400 000 | Grillhytte & bruer |
| Flora kommune (over eiga drift) | 312 000 | Strand og prosjektering sanitær |
| Sparebankstiftelsen DNB | 250 000 | Aktivitetspark |
| Nor Tekstil | 100 000 | Prosjektstøtte |
| Westcon Yards Florø | 86 000 | Bru |
| Sumitomo Corporation & Petroleum Services | 60 000 | Bru og sti til Flatholmen |
| Sparebanken Sogn og Fjordane | 56 000 | Strand og annonser |
| Sogn og Fjordane Fylkeskommune (over eiga drift) | 35 000 | Planarbeid |
| Floraskulane | 17 000 | Sand til volleyballbane |
| Alternativ jul i Florø | 10 000 | Benkar |
| Kinn Regnskap | 10 000 | Prosjektstøtte |
| Andre bedrifter | 13 000 | Prosjektstøtte |
| Medlemmar | 49 000 | Medlemskap og gåver |
| Sum innbetalte og varsla gåver/løyvingar | 3 998 000 | |





# ØNSKELISTE I HØVE NYE GÅVER

## Ønskeliste i høve nye gåver

Sørstrand Folkepark ønskjer å utvikle eit rikhaldig aktivitetstilbod på området, og ein har definert ei ønskeliste av ulike prosjekt i høve til nye gåver (beløpa er ikkje sikre anslag, men meir stipuleringar).

| Prosjekt | Beløp |
|---|---|
| Stranda | |
| - Sanitærbygg og stiar | 2 000 000 |
| - Taverna | 500 000 |
| - Overbygg amfi og scene | 250 000 |
| - Badeflåtar | 50 000 |
| - Kajakkar for utlån | 25 000 |
| Flatholmen | |
| - Rampar for rullestolar | 50 000 |
| - Stupetårn og sjøtrapp | 100 000 |
| - Badestamp og badstu | 200 000 |
| - Fiskeplatting | 250 000 |
| - Gapahuk | 200 000 |
| - Værstasjon/observatorium | 1 000 000 |

Dersom di bedrift ønskjer å gje midlar til enkeltsåande prosjekt, vennlegast ta kontakt.

# Årsmøte 2014

Tid og stad: 29. april 2014 klokka 18.00 i Norblikks lokalar i Hamregata 36

Dagsorden

1. Val av ordstyrar
2. Val av referent
3. Val av 2 medlemmar til å signere protokollen
4. Godkjenning av årsmelding og regnskap for 2013
5. Styreleiar si orientering
6. Medlemskapssaker
7. Innkomne saker
8. Val

# Protokoll frå årsmøte 2014

# Medlemmar pr. 31.12.2013

A til Å Grafisk Design og Media
Alternativ Jul i Florø
Alvdis Solvang
Anders Espeset
Ane Eliassen
Anita Solbakken
Anita Bruflot
Ann Turid  Larsen
Anne Grethe Strømsøy
Anne Grethe Osland Hellesen
Anne Liv Lothe
Anne Marie Baugstø-Hartvigsen
Anne Therese Bendixen
Ann-Kristin  Iversen-Seljeseth
Are  Fjellestad
Arild Hatlem
Arne Midtun
Arne Helle
Arnfinn Fagerstrøm
Arve Iversen Seljeseth
Arvid Gilleshammer
Asbjørn Røyrvik
Asbjørn Nybø
Astrid Greta Hammerseth
Atle Grytten
Audhild Teigen
Bente  Nilsen Halvorsen
Bente Mari Ljøen Frøysa
Berit Hovland
Berit Rakvåg
Berit Helgås Asp
Bistro To Kokker
Bjarte Ellingsund
Bjørg Holmen
Bjørg Jansen
Bjørg Hovland
Bjørn Sundal
Bravo Seafood
Byen vår, Florø
Carsten Jørgensen
Cecilia Molander
Cecilie Haaheim
Dag Roald Bjerk
Dagfinn Krogsæter
Edit Gundersen
Einar Østby
Eirik Ellingsund
Eirik Rostad Ness
Eli Kjerpeseth
Eli Kristin Magnussen
Elias Ferdinand Frøyen
Elin Marie Magnussen
Elsa Horne
Else Berge
Else Oddbjørg Nydal
Erna Stenseth
Eskil Frøyen Nybø
Espen Lothe
Flora Kommune
Flora Venstrelag
Flora skulane
Frank Gundersen
Frode Kvammen
Gaute Barstad
Geir Angel-Jacobsen
Gerd Nygård
Gjensidigestiftelsen
Grethe Alice Hammerseth
Gro Helgås Asp
Guri Langaas
Hallgerd Frøyen
Hans Erik Stenseth
Harald Osland
Harry Røed
Hege Stokka
Hege  Jørgensen
Hege Bjerck Reksten
Hege Merete Eggen
Heidi Langeland
Heidi Sårheim
Heidi Vallestad Nygård
Helge Sårheim
Hilde Bakke Sumstad
Hilde Christine Bendixsen
Hilde Marie Sund
Ida Knapstad Nygård
Industri Energi Ewos
Inge M.      Nygaard
Inger Anna Sæthre Fjellestad
Inger Svare Kvien
Ingunn Ravnestad
Irene Nenonen
Isabella Annie Flister
Jan Midtbø
Jan Block Helmers
Jan Henrik Standal
Jan Henrik Nygård
Jan Kåre Rognaldsen
Janecke Pedersen
Janne Haugnes
Janne Solheim Olsen
Jarl Steinhovden
Jarle Tonheim
Jens Fanevik
Johanna Vartdal
Johnny Lundekvam
Jørn Solheim Olsen
Kari Sofie Larsen
KariAnne Alette Torvanger
Karl Johan Moldestad
Karoline Angela Westlund
Katrine Dahle
Kjellrun Asp
Kjersti Senneset
Kinn Regnskap
Klasse 10 Florø Ungdomsskole
Knut Eikeland
Knut Roald
Knut Anders Langlo
Kolbjørn Nybø
Kristian Berentzen
Kristin Havn
Kurt Sandal
Lene Kroppan
Lillian Frøyen
Magnar Wefring
Magne Hovland
Margrete Pedersen
Maria Elisabeth Kleiven
Maria Kristin Dypevik
Maria Rolness Nygård
Marit  Midtbø
Marit  Havn
Mathias Mortensen
Merete Elin Åberg
Modliv Bjørvik
Monicha Ann Landøy
Morten Tvenge
Niklas Flister
Nils Jørgen Hansen
Nils Petter Tonheim
Nina Kråkenes
Nor Tekstil AS
Norid Nydal
Norunn Undem
Oda Frøyen Nybø
Oddbjørg Gjelsvik
Oddbjørn Hovland
Oddgunn Svardal
Oddlaug Nordal Fredheim
Oddvar Kjell Grotle
Ola Teigen
Olav Roar Mortensen
Ole Martin Bøhn
Ole Petter Aase
Ole Petter Dahl
Ole Petter Asp
Otto Grotle
Pepita Frisørsalong
Per Høydal
Per Block Helmers
Per Vidar Ottersen
Per-Arve Havnen
Petter Skuseth
Randi Bjerck Værøy Leirvåg
Reidun Rylandsholm Liset
Rita Holsen
Rita Hesvik Frøyen
Roald Leivestad
Rolf Endestad
Roy Boye Olsen
Runar Andre Silden
Rune Sunde
Sigmund Jofred Frøyen
Silje Helene Dypevik
Siri Stavang
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Solveig Bjørnevik
Solveig H Skaanenli
Solveig Myhre Sunde
Sparebanken Sogn og Fjordane
Sparebankstiftelsen DnB
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
Sturle Sunde
Svein Helge Bruheim
Sumitomo Corporation
Svein Tore Gjesdal
Synneva Kolle Solheim
Sølvi Larsen
Sølvi Øvrebotten
Sølvi Eltvik
Sørstrand Fus barnehage
Tarjei Knapstad
Tiina Mortensen
Tom C/O Kristin Stålberg
Tor Hjalte
Tor Olav Sande
Tor Solheim Olsen
Torbjørn Bjerk
Torbjørn Orheim
Tore Strømsøy
Tore Brattbergsengen
Tore Gundersen
Torhild Grete Lien
Torill Standal
Trond Wefring
Trond Teigene
Trond Ingvar Sagen
Trond-Atle Asphjell
Trygve Nybø
Turid Haarr Wefring
Unni Hillersøy
Vidar Solheim
Vidar Ask
Vigdis Midtbø
Walter Høyvik
Wenche Hovland
Wenke D Rognaldsen
Westcon Yard Florø
Øystein Hjalmar Hjertnes
Åge Arne Larsen
10. klasse 2011/12 Florø

# Vedtekter

**§ 1 Navn**

Foreningens navn er Sørstrand Folkepark.

**§2 Formål og virkemidler**

2.1 Foreningens formål er å utvikle og realisere Sørstrand Folkepark som rekreasjonssted for fastboende og besøkende i Florø.

2.2 Foreningen skal legge til rette for idretts- og fritidsaktiviteter for barn, ungdom og funksjonshemmede og vil samarbeide med skoler, barnehager og andre foreninger som ønsker å bruke parken.

2.3 Foreningen vil være hørings- og samarbeidsorgan overfor kommunen og andre instanser i saker som angår formålet.

2.4 Foreningen skal i sitt arbeid med å utvikle folkeparken, søke å ivareta naturen, miljøet og de kulturminnene som finnes.

2.5 Foreningen skal finansiere sitt arbeid primært via ulike støtteordninger fra offentlige instanser, private institusjoner og innsamlingsaksjoner.

2.6 Foreningens arbeid vil i stor grad være basert på frivillig innsats fra medlemmer og andre.

**§ 3 Juridisk person.**

3.1 Foreningen er en upolitisk, selveiende og frittstående juridisk person som drives på ideelt grunnlag.

**§ 4 Medlemskap**

4.1 Medlemskap er åpent for alle som ønsker det. Prisen for medlemskap fastsettes av årsmøtet. Det utstedes et medlemsbevis som benyttes som adgangstegn til årsmøtet. Alle som bidrar med gaver på minimum det medlemskapet koster, vil automatisk få status som medlem. Som medlem godtar man foreningens vedtekter og formål. Medlemskapet er gyldig fra den dagen pengene er mottatt, og gjelder på ubestemt tid.

4.2 Æresmedlemskap kan tildeles basert på stor frivillig innsats eller arbeid som på annen måte bidrar til å realisere formålet. Årsmøtet tildeler æresmedlemskap etter innstilling fra styret.

4.3 Årsmøtet kan ekskludere medlemmer som ikke respekterer foreningens vedtekter og formål eller som på annen måte bidrar til å motarbeide foreningens interesser.

**§ 5 Årsmøte**

5.1 Foreningens øverste myndighet er årsmøtet. Ordinært årsmøte holdes innen utgangen av april hvert år og skal kunngjøres minst 4 uker før.

5.2 Forslag til saker som skal behandles på årsmøtet, må være styret i hende senest 14 dager før.

5.3 Innkallingen skal angi de saker som skal behandles på årsmøtet, og skal gjøres tilgjengelig for medlemmene minst 1 uke før årsmøtet.

5.4 Årsmøtet er vedtaksført med det antall medlemmer som møter. Ingen medlemmer har mer enn 1 stemme. Stemmegivning kan skje ved fullmakt.

5.5 Årsmøtet behandler:

1. Årsmelding

2. Årsregnskap

3. Valg av:

    - Fem styremedlemmer

    - To vararepresentanter

    - Valgkomité på to medlemmer

    - Revisor

    - Eventuelle komiteer

4. Medlemskapssaker

5. Planer og prioriteringer for det kommende året

5.6 Det velges en dirigent til å lede årsmøtet, en referent og to medlemmer til å signere protokollen. Protokollen skal legges ut på hjemmesiden som del av årsrapporten.

5.7 Styremedlemmer og vararepresentanter velges for to år. Samtlige kan gjenvelges og kontinuitet må tilstrebes.

5.8 Årsmøtets beslutninger fattes med alminnelig flertall blant de fremmøtte medlemmene.

5.9 Revisor og valgkomité rapporterer direkte til årsmøtet.

**§ 6 Ekstraordinært årsmøte**

6.1 Ekstraordinært årsmøte skal avholdes når styret finner det påkrevet. Innkalling og

avvikling følger samme prosedyre som ved ordinært årsmøte, jfr. § 5. Innkallingsfristen er minst 14 dager.

6.2 Når minst 1/3-del av medlemmene krever det, skal det avholdes ekstraordinært årsmøte.

**§ 7 Medlemsmøter**

7.1 Medlemsmøter avholdes når styret finner det nødvendig og skal bekjentgjøres minst 14 dager forut.

**§ 8 Velforeningens ledelse (styret)**

8.1 Foreningen ledes av et styre som er foreningens øverste myndighet mellom årsmøtene. Styret konstituerer seg selv gjennom valg av leder og nestleder.

8.2 Styret skal:

- Iverksette de vedtak som årsmøtet fatter
- Stå for foreningens daglige ledelse og ivareta dens interesser overfor andre instanser
- Forvalte foreningens eiendeler/eiendom, herunder føre kontroll med foreningens økonomi
- Etter behov, oppnevne komiteer eller personer til å løse spesielle oppgaver
- Representere foreningen utad

8.3 Styret skal holde kvartalsvise møter, eller oftere ved behov.

8.4 Styrets vedtak skal protokolleres gjennom referater som arkiveres elektronisk og fysisk sammen med brevlig korrespondanse.

8.5 Styret, ved leder og nestleder sammen, har signaturrett.

8.6 Styret er beslutningsdyktig når minst 3 representanter er til stede. Vararepresentanter skal motta saksinformasjon, og innkalles ved behov. Som vararepresentant har man møterett.

8.7 Styrebeslutninger krever alminnelig flertall. Ved stemmelikhet, skal leders dobbeltstemme avgjøre.

**§ 9 Vedtektsendringer**

9.1 Vedtektsendringer krever 2/3 flertall og må vedtas på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Endringene trer i kraft umiddelbart.

**§10 Oppløsning. Sammenslutning. Deling.**

10.1 Oppløsning av foreningen kan behandles på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Vedtaket krever 2/3 flertall. Det skal velges et avviklingsstyre som skal forestå

avviklingen.

10.2 Foreningens formue skal, etter oppløsning og gjeldsavleggelse, tilfalle formålet eller beslektede formål i nærområdet. Ingen medlemmer har krav på foreningens midler.

10.3 Sammenslutning med andre foreninger eller deling av foreningen anses ikke som oppløsning. Vedtak om sammenslutning/deling og nødvendig vedtektsendringer i denne forbindelse treffes i samsvar med bestemmelsene om vedtektsendring (§ 9). Styret skal i den forbindelse utarbeide en plan for sammenslutningen/delingen som årsmøtet skal stemme over. Ved sammenslutning eller deling skal det innhentes samtykke fra foreningens kreditorer.


sparebanken
sogn og fjordane
Treng du pengar til ny bustad? So bra!
Kom og fortel oss om bustadplanane dine. Vi strekkjer oss så langt vi kan for å hjelpe deg. At du kjem til Sparebanken Sogn og Fjordane og ber om bustadlån er berre So bra!
ssf.no
so bra